

Fra: Anni Sundal <anni.hagoy@gmail.com>
Sendt: lørdag 1. mai 2021 23:18
Til: Postmottak Alver
Emne: Retting i grense i matrikkelkartet gbnr. 332/2 og 332/1

Til Morten Mangerøy Helland og overordna Tommy Veland.

I brev frå kommunen datert 15.04.21, med forslag til retting av grense, ser det ut til at denne framleis ikkje er riktig.

I forslaget er grenselina bein, det er riktig jfr kart etter utskiftning 1911 og seinare kart.

Himmeletninga på foreslåtte grense ser for meg ut til å vera riktig, pga forholdet til dei to innteikna gardsvegane, den eine som kryssar grense og den andre som i si heilheit ligg på bnr 1.

Men - foreslått grense ligg for langt sør, slik ser det ut for meg, altså inne på bnr 2, og ikkje mellom bnr1 og bnr 2.

I forslag til retting av grense og i kart [vedl.nr 2](#), endar foreslått grense i elv/bekk. Som fylgje av det vert grensa plassert inne på bruk nr 2.o

Visst elva vert tatt med på kart i vedlegg nr 6, reknar eg med at det vil koma tydeleg fram.

Det enklaste er sjølvst sagt å sjå på det opphavslege kartet der både elv og riktig grense er innteikna i forhold til kvarandre.

Bed om at kommunen lagar eit nytt forslag til retting av grense, der den siste feilen også vert retta opp.

Håpar å få tilbakemelding på denne e-posten, at den er lesen av kommunen og stadfesta send inn av meg før fristen for merknader er gått ut.

Helsing Anni Sundal